

# Gol kommune

## Innkalling til møte i kontrollutvalet

---

**Dato:** 07.06.2012 kl. 1300 til 1430

**Sted:** Kommunestyresalen, Kommunehuset, Gol

**Arkiv:** 0617/12/1/0607

Forfall meldes snarast til sekretariatet ved Astrid Brattested tlf: 41 26 16 07 eller

[post@abraanalyse.no](mailto:post@abraanalyse.no)

Vara møter ved nærare innkalling.

SAKSKART			Side
SAKER TIL BEHANDLING			
07/12	1	Rekneskap Gol kommune 2011, kontrollutvalet sin uttale	2
08/12	2	Rekneskap for Gol Byggdrift 2011, kontrollutvalet sin uttale	3

Gol 30.05.2012

For leiaren i kontrollutvalet

Astrid Brattested  
Sekretariat for kontrollutvala i  
Hallingdal

# Gol kommune

## Innkalling til møte i kontrollutvalet

---

### Saker til behandling

#### 07/12 Rekneskap Gol kommune 2011, kontrollutvalet sin uttale

Arkiv: 0617/12/1/0607

Saksbehandler: Astrid Brattested

Saksgang	Møtedato	Sak nr
1. Kontrollutvalet	07.06.2012	07/12

#### Saken blir avgjort av:

Kontrollutvalet

#### Dokument i saken:

Rekneskap Gol kommune 2011

Årsmelding Gol kommune 2011

Revisjonsberetning 2011

Revisjonsbrev nr 1/2012

#### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal i følge Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7 gi uttale om årsrekneskapen når kontrollutvalet har mottatt revisjonsberetninga frå revisor. Kontrollutvalet gir sin uttale før rekneskapet blir vedtatt av kommunestyret.

Grunnlaget for behandlinga har vært "Rekneskap for Gol kommune 2011", Gol kommunes årsmelding for 2011, revisjonsberetning datert 24. april 2012 og revisjonsbrev nr 1/2012 av same dato. Ansvarleg revisor og administrasjonen har supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen for Gol kommune syner eit overskot på netto driftsresultat med kr 909.433,42 -.

#### Vurdering:

Revisjonsberetninga har ingen spesielle merknader til rekneskapen.

#### Sekretariatet si innstilling:

"Kontrollutvalet har handsama Gol kommune sin årsrekneskap for 2011. Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagte årsrekneskapen og årsmelding frå Gol kommune 2011, samt revisjonsberetning 2011 og revisjonsbrev nr 1/2012. Ansvarleg revisor og administrasjonen har supplert kontrollutvalet med informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lovar og forskrifter og gir uttrykk for kommunens økonomiske stilling pr og 31.12.2011

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Utover det som er nemnt ovanfor, og det som går fram av saksframstillinga og revisjonsberetning har kontrollutvalet ikkje merknader til Gol kommune sin årsrekneskap for 2011".

**Gol kommune**  
**Innkalling til møte i**  
**kontrollutvalet**

---

**08/12 Rekneskap for Gol Byggdrift 2011, kontrollutvalet sin uttale**

**Arkiv:** 0617/12/1/0607

**Saksbehandlar:** Astrid Brattested

Saksgang	Møtedato	Sak nr
1. Kontrollutvalet	07.06.2012	08/12

**Saken blir avgjort av:**  
Kontrollutvalet

**Dokument i saken:**

Rekneskap Gol Byggdrift 2011  
Årsmelding Gol Byggdrift 2011  
Revisjonsberetning 2011

**Saksopplysningar:**

Gol Byggdrift KF er eit kommunalt føretak (KF) etter kommuneloven kapittel 11. Verksemda er ein del av kommunen som juridisk person. På grunnlag av tilsynsansvaret etter kommunelova skal kontrollutvalet gje ei uttale til årsrekneskapen for verksemda.

Grunnlaget for handsaminga har vært: Rekneskap, årsmelding for Gol byggdrift KF 2011 og revisjonsberetning datert 24.april 2012. Ansvarleg revisor har supplert kontrollutvalet med munnlig informasjon om aktuelle problemstillingar.

Gol Byggdrift KF sitt rekneskap syner eit meirforbruk på kr 461.707,- for 2011.

**Vurdering:**

- Ingen blir gjort i møtet.

**Sekretariatet si innstilling:**

Til kommunestyret i Gol:

Med bakgrunn i tilsynsansvaret etter kommunelova gjev kontrollutvalet slik uttale til årsrekneskapen for Gol Byggdrift KF for 2011:

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lovar og forskrifter og gir eit riktig uttrykk for Gol Byggdrift KF sin økonomiske stilling pr 31.12.2011.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Utover det som kjem fram i saksframstilling og revisjonsberetning har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Gol Byggdrift KF 2011.